

# **FRIVILLIGPRISEN 2013**

## **er tildelt**

### **Klara Skoge**

**Klara Skoge får prisen for sitt engasjement med innsamling av brukte klede og anna utstyr til naudlidande i Aust-Europa og Afrika. Klara har eit stort hjarte fylt med kjærleik for sine medmenneske, og det held henne i full jobb i ein alder av 88 år. Klede og utstyr som ho får inn reparerer ho, for at det skal vera heilt og fint når det vert sendt med traileren, som ofte er heime hos henne og hentar det ho har samla inn og pakka. Klara Skoge er med sitt engasjement såleis med på å betra livskvalitet og trivsel for sine medmenneske, og er eit godt føredøme for andre.**

Ho har arbeidskapasitet som ein god femtiåring. Ho er verkeleg ei "eldsjel" av dei sjeldne . Ei lita vakker kvinne - med eit stooort hjarte, - fylt med kjærleik for nesten! Ho har vore ei aktiv og nøysam kvinna i kommunen i årtider. Om henne kan vi trygt bruka ordtaket: "Ingen foran og ingen ved siden!"

Nyleg overtok ho mykje av det som var att etter loppemarknaden på Bibelskulen. - Alt for gale at det vert kasta, sa ho. Ho har tre garasjar som det aldri har stått bilar i - det har ho til lagerplass for all hennar verksemd.

Sjølv i denne tida når ho no er vorten enkja - og ikkje køyrer eigen bil - står ho på i hundre. Det å få sortere småting, t.d. smykke, nips og sminke, i vesker som ho kan få gje til kvinner som mest sannsyneleg aldri har eigd si eiga handveske, synes ho er stort. For nokre år sidan fylgde ho hjelpesendingane nedover til Moldova...

Prisen på ti tusen kroner vert delt ut på julekonserten til Sotra Brass /Fjell Musikkråd i Foldnes kyrkje søndag 1. desember 2013.

Juryen for Frivilligprisen